



BKK Nett AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1043 - 19/11349

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

05.04.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense langs veg - gbnr 106/9 Fanebust

Tiltak: Etablering av nettstasjon Sundsbøvegen
Byggjestad: GBNR 106/9
Tiltakshavar: BKK Nett AS
Ansvarleg søkjar: BKK Nett AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppsetjing av nettstasjon langs Sundsbøvegen.

Saksutsgreiing:

Informasjon om saka:

BKK Nett AS ønskjer å etablere eit nytt høgspenningsanlegg frå eksisterande høgspenningsanlegg ved Sundsbøvegen til Sjøhammaren og vil etablere ei ny nettstasjon på gbnr 106/9 langs Sundsbøvegen. Det vert søkt om dispensasjon for å plassere nettstasjon er 5 meter frå vegmidt kommunal veg.

Vurdering/drøfting:

Nettstasjon ønskjes plassert 5 meter frå vegmidt kommunal veg. Teknisk drift finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Vegen er relativt lite trafikert og trafikk til nettstasjon vil være sporadisk og derfor ha liten innvirkning påvirkning trafikk langs vegen.

Samandrag/konklusjon:

Lindås kommune gjev med dette brev dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår.

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Lindås kommune dispensasjon frå byggegrense mot veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom nettstasjon og midt kommunal veg skal være minimum 5 meter.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg er at det ligg føre løyve til å etablere nettstasjon etter plan og bygningslova.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som kan oppstå, som følgje av nettstasjonen sin plassering i forhold til kommunal veg, under normal drift og vedlikehald av kommunal veg. Dersom det, under normal drift og vedlikehald av kommunal veg, oppstår skade på tiltak må eigar av nettstasjon sørge for og påkoste utbetring av disse.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
BKK Nett AS